



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 352.2

Sak nr 04/2024

Møtedato: 14.02.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Sak 04-24 Slettebergvegen, Øvre Nøsen - tilskott til utbetring

Slettebergvegen har søkt om tilskott til vegomlegging, grunnar naturskade over fleire år på same område. Dei ynskjer no å bygge opp vegen noko for å unngå vårflaum. Det føreligg 2 alternativ, der begge er kostnadsrekna til i overkant av kr 160 000,- frå entreprenør Ola J. Fauske.

Til info er det tidlegare gjeve følgjande støtte til denne aktuelle vegen:

*SAK 33/2005: kr 18 000,- i tilskott av eit utlegg på kr 38 461,- (47 %)*

*SAK 15/2009: kr 20 000,- i tilskott av eit utlegg på kr 40 000,- (50 %)*

### Vurdering:

Jfr sak 42/2021 – «retningslinjer for tildeling av økonomisk støtte til private veglag», ligg dette vegprosjektet innafor desse retningslinene med følgjande grunngjeving:

- Det er stølar i drift som sokner til vegen
- Vegen er ikkje bomfinansiert
- Det er ein del turistrøfikk, der det og er lagt til rette for turistparkering

Utbetring er knytt til tidlegare skadehistorikk, og er dermed ikkje isolert sett berre ein vegforsterkning knytt til eks vinterbrøyting. Vegen er til info delvis vinterbrøyt i dag.

Administrasjonen tilrår med bakgrunn i tidlegare vedteke retningsliner å gje støtte til vegen.

Sidan kostnadsoverslaget gjer ei kostnadsramme ut over 50 000,- er det meir logisk å vurdere denne ramma enn å nyte opp til 50 % (som da utgjer ca kr 80 000,-)

Det kan vere eit tema å vurdere tildeling opp i mot om vegen har fått støtte frå før. I dette tilfellet er det gjeve støtte i 2 runder . med totalt 56 000,- (indeksregulert opp til 2023-tal).

Dette kan vere eit viktig prinsipp for seinare tildelinger (sett ut i frå likebehandling), så dersom ein skal gje ei avgrensing for dei veger som tidlegare har fått i nyare tid – vil det vere riktig å vurdere ei avgrensing i dette tilfellet.

Oppsummert tilrår administrasjonen å nyte øvre ramme på kr 50 000,- som utgangspunkt, men grunna tidlegare tildelinger å trekke frå kr 10 000,- på tildeling. Då vil ein og setja eit prinsipp for framtida at ein kan måtte pårekne mindre støtte med gjentakande søknader. Uansett kan ein ikkje få meir enn 50% av utført arbeid – avgrensa oppad til kr 40 000,-

Tildelt sum tek og utgangspunkt i gjeldande økonomi til fjellstyret.

Det bør vere eit vilkår om at støtte kan krevjast tilbakebetalt (konsumprisindeksert) ved oppføring av betalingsbom, ihvertfall 20 år fram i tid.

Tildeling gjes på sum utan MVA, og det vert ikkje utbetalta før det føreligg kvitteringar på utført arbeid. Tiltaket må gjennomførast innan 3 år etter vedtak om støtte.

Denne vegutbetringa går og på vegen «Øvre Nøsen», som ikkje inngår i dette veglaget. Likevel reknes området under ett, slik at evt tilskott reknes som til både vegen «Øvre Nøsen» samt til «Slettebergvegen». Dette med tanke på eventuelle seinare søknader om tilsvarende støtte.

Det bør vere ein føresetnad at eksisterande parkeringsplass ikkje vert negativt berørt. Evt areal i parkering som går bort må erstattast med tilsvarende gjennom dette arbeidet.

Alternative vedtak:

Evt ingen støtte/vurdere storleiken på summen.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 40 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalta når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.

Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innen 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.

**Behandling:**

Marit Olvik spurte seg inhabil i henhold til Forvaltningsloven § 6 b.  
Enstemmig vedteke at repr. Olvik er inhabil, som trer ut av handsaminga.  
(4 stemmer)

**Vedtak:**

Fjellstyret tildeler inntil 50 % / avgrensa oppad til kr 40 000,- i støtte til veglaga Slettebergvegen/ Øvre Nøsen. Støtte vert utbetalt når det føreligg kvitteringar (sum utan mva) på utført arbeid.  
Føresetnad er at det ikkje vert ført opp betalingsbom for bruk av vegen innen 20 år, i så fall må tildelt støtte (konsumprisindeksregulert) betalast tilbake. Eksisterande parkeringsareal skal ikkje byggast ned.

*Enstemmig vedteke (4 stemmer)*

*Etter § 10 i fjelloya tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.  
Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 16.02.2024

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Søker  
Statskog  
Regnskapsfører